

# Årsmelding for gjetarhundnemnda i Suldal 2016

Styret dette året har vore:

Leiar: Arne Langeland

Skrivar: Kjersti E Tveit

Styremedlem: Andre Lofthus

Me har ikkje hatt styremøte, men kontakt via telefon og trening.

Me har hatt gjetarhundtrening (nesten) kvar torsdag frå mai og ut oktober. Desse treningane har rullert i Øvre Suldal og Kvilldal, alt etter kvar det har vore sauer og område tilgjengeleg. Frammøte har vore variabelt. Litt nye førarar som har vore med – det er me glade for!

27. og 28. februar hadde me kurs med Alexander Strøm på Nesflaten. Det var 12 ekvipasjar med ulik erfaring, men alle fekk hjelp og tips til å trene vidare.

Lørdag 29. oktober arrangerte me tredje runde av Haugalandscupen på Helganes hos Andre Lofthus, med sauene til Kenneth Tveit. Det var 41 ekvipasjar som stilte til start, fordelt på klasse I, II og III. 9 av desse hundane var frå Suldal, og var representert i alle klassane.

Det var jamne og fine forhold, og Erlend Kvinnesland med Zac vann klasse III, Alf Inge Knutsvik med vann klasse II og Svanhild Markhus med Chira vann klasse I.

Takk til alle som var med og hjalp til!

2 ekvipasjar frå Suldal starta 1. runde i Haugalandscup i Isvik og 2 ekvipasjar starta 2. runde som var i Vikedal.

Arne Landeland greidde bruksprøven første gong med Nell! Elles var det 3 nye hundar som fekk godkjent bruksprøve.

1 førar starta med 2 hundar i fylkesmeisterskap i Årdal .

1 førar starta med 2 hundar i Fatland-cup.

1 førar starta med 2 hundar i 2 Norgesserie prøvar.

1 ekvipasje starta klasse I i Isvik.

Jacop Vetrhus er ferdig utdanna gjetarhunddommar.

---